

GJER TRU TIL HANDLING - STØTT ARBEIDET I ENGLAND



AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR til _____ kyrkjelyd
sin misjonsavtale i England via AvtaleGiro

Eg ønsker å gi kroner (per måned)

- ☐ 300,-
☐ 500,-
☐ 1000,-
☐ Anna beløp _____

Belast mitt kontrnr:

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

STAD/DATO: _____ MOBIL: _____

UNDERSKRIFT: _____

PERSONNUMMER: (Fyll ut om du ønsker skattefrådrag)

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

KID. NUMMER: (Vert fylt ut av NMS)

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

KUPONGEN SENDER DU TIL: NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

VIL DU GI EI ENKELTGÅVE, bruk konto 8220 02 85057 merk ENGLAND

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I

ENGLAND

SAMAN




Deler vi trua
på Jesus



Utryddar vi
fattigdom



Kjempar vi
mot urett



DETTE ER DE MED PÅ I ENGLAND



Å arbeida blant heilt kyrkjeframand ungdom

Trur de at dei fleste i Europa kjenner til kristendommen? Då skal de få høyra om Jordan. Han er frå England og har aldri høyrte om Jesus.

No går Jordan i kakao- og fotballgruppa i kyrkja og synest dette med Jesus er interessant. Han seier ikkje at han trur enno, men fortel at gruppa betyr veldig mykje. Så får han stadig meir kunnskap og blir kjent med Jesus. Og han får oppleve at Gud verkeleg elsker oss menneske, - også fotballgutar frå Carlisle.

Kyrkjene i Nord-England har mista kontakten med ungdommen, men også fleire andre generasjonar er borte frå kyrkjene. Dette gjer den anglikanske kyrkja og NMS noko med gjennom å starta ungdomskyrkjelydar i Carlisle bispedøme.

Ein stor del av dei unge er frå tredje til femte generasjons kyrkjeframande. Dei har aldri lese i Bibelen og kjenner ikkje til bibelske personar og historier. Dei har ikkje høyrte om Jesus. For Jordan og kameratane er kakao- og fotballgruppa det første møtet dei har hatt med kristne og den aller første gongen dei høyrer evangeliet.

I ungdomskyrkjelydane er det viktig at dei unge kjenner seg heime, og arbeidet vert bygd opp både rundt cellegrupper, større samlingar der fleire grupper møtest og ei årleg feiring for heile bispedømet.

For første gong på 50 år er det no forsiktig vekst i talet på unge som tilhøyrer ei kyrkje, og det er starta ungdomskyrkjelydar i ni av prostia i bispedømet.

Oppfølging frå NMS

E-post til kyrkjelyden tre gonger i året. Film/powerpoint ein til to gonger i året. Eiga side for kyrkjelyden på www.nms.no. Eventuelle besøk på førespurnad.

Kontaktinformasjon

Tlf: 51 51 61 00. E-post: info@nms.no.

Postadresse: Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger.

Adresse til lokal informant ligg på kyrkjelyden si side på www.nms.no.

FAKTA OM ENGLAND:

England, Wales, Skottland og Nord-Irland utgjer kongedømet Storbritannia.

Innbyggjarar: 64 millionar.

Religion: 75 prosent kristne, men etter kvart meir og meir sekularisert.

KVA GJER NMS I ENGLAND?

Hovedfokuset for NMS i England er arbeid blant kyrkjeframand ungdom i alderen 11-18 år. I Cumbria fylke, der byen og bispedømet Carlisle ligg, var det då NMS og Den anglikanske kyrkja byrja arbeid i 2010, berre 235 ungdomar i heile fylket som var involverte i kyrkja éin gong i månaden eller meir.

